

Sjøsetjing hos Eidsvik i morgon.

07.10.2015



Den store båten, framleis delvis inne i hallen.(Foto: Einar Gjertsen)

I morgon vert den første arbeidsbåten for havbruksnæringa som er bygd av Fitjar Mekaniske Verksted ved anlegga hos Eidsvik sjøsett. Den er no ferdig måla og utrusta, og dermed klar til å verta sett på sjøen. Arbeidet med båt nummer 2 er også godt i gang.



To truckar framme og ein stor bak ordna forflyttinga.

Arbeidsbåten er av katamarantypen, og den er 22 meter lang og 12, 9 meter breid

- Den er 190 tonn og er den største havbrukskatamaranen som er bygd av FMV, fortel Jan Inge Høgestøl som har vore arbeidsleiar for prosjektet saman med Cato Reigstad.

No er altså båten klar for sjøsetjing, og i dag kl.9 starta første etappe av den operasjonen. Båten vart skubba ut av hallen med ein hjullastar frå Mesta i bakkant og to truckar som drog framme. I morgon kjem så Eide Lift og løftar båten på sjøen. Denne transportoperasjonen vert leia av Alf I. Træet. Dette er noko dei har brei erfaring med, men det er likevel ei viss spenning denne gongen sidan denne båten er større enn dei tidlegare.

Høgestøl kan fortelja at dei er byrja på neste båt. Den er også for havbruksnæringa. Den er større, men er ikkje av katamaran-typen. Det er ein einskrogsbåt. Den skal etter planen vera klar til sjøsetjing i april.

Svein Arne Eidsvik i Eidsvik Eigedom er svært glad for aktiviteten i området. Han seier òg at det er gledeleg for eigedomsselskapet at FMV har bekrefta leige fram til ferien neste år.



Arbeidet med neste båt er i gang.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland